

Selja i Nordfjord

Eit forskingsprosjekt rundt eit kyrkjesenter på Vestlandet i tidleg mellomalder

Af Alf Tore Hommedal

1. Innledning

Øya Selja ytst i Nordfjord er eit av dei eldste sentra for Kyrkjas liv i Noreg (fig. 1). I løpet av tidleg mellomalder voks det her fram eit religiøst og administrativt kyrkjesenter for Vestlandet, skapt rundt legenda om den heilage Sunniva og følgjet hennar,




Fig. 1. Noregskart med plasseringa av Selja og Stadt.

dei såkalla Seljumennene. Desse irske flyktingane skal ha lide martyrdøden i ein heller på øya midt på 900-talet. Frå om lag 1070 av vart øya sete for dei første biskopane på Vestlandet, og innan tidleg på 1100-talet var det også knytt eit benediktinarkloster til heilagdomen. Denne i norsk samanheng særlegne kombinasjonen av ein helgenstad, eit bispesete og eit klosteranlegg er no utgangspunkt for eit tverrfagleg forskingsprosjekt finansiert av Noregs allmennvitskapelege forskingsråd (NAVF).

2. Minnesmerket på Selja

Anlegget ligg på vestsida av den ca. 1,6 km² store Selja-øya, i eit vilt og karrig landskap like ut mot det opne og farefulle Stadthavet (fig. 2). Slik minnesmerket ligg i dag omfattar det to ruinkompleks som det er lett å oppfatta som ei eining, men som eigentleg ligg klart skilde frå einannan, og som i mellomalderen både formelt og organisatorisk sett kan ha vore uavhengige av einannan. For det første gjeld det ruinane knytt til *helgen- og valfartsstaden*, som ligg 50-60 m over havet oppi ei traktforma fjellrevne som sig ned mot nordvest (fig. 3). Lengst inne på ein stor, oppmurt terrasse finn vi her restane av den vesle, romanske Sunnivakyrkja, sannsynlegvis oppført på 1100-talet. Vidare opp like bak denne kyrkjeruinen ligg så sjølve Sunnivahelleren med Sunnivahola, ei naturleg utviding av ei stor fjellsprekke.




Fig. 2. Heilagdomen på Selja ligg dramatisk til ut mot det åpne storhavet. Men dermed låg anlegget også svært sentralt, like ved den viktige skipsleia langs norskekysten. All skipstrafikk måtte passera det farefulle Stadt som vi ser i bakgrunnen på fotoet, og det hende ofte at skipa måtte liggja og venta på lagleg ver for å kunna passera Stadthavet. Foto: A. T. Hommedal.

Det andre ruinkomplekset omfattar restane av *klosteranlegget* nede på sletta ved fotenden av den bratte fjellrevna, altså nedanfor helgenstaden (fig. 4). Dagens klosterruinar syner restane av eit regulært, firefløya anlegg bygd rundt ein kvadratisk klostergard med klostergang. Kyrkja, vigd den engelske proto-



Fig. 3. Klosteranlegget på Selja, med Sunnivahellevan og helgenanlegget oppe i fjellsida bak klosteret. Foto: A. T. Hommedal.

martyren St. Albanus, ligg på tradisjonelt vis i nordfløyen av anlegget. Utanom klosterfirkanten ligg det ein stor, rektangulær steinbygning i sør, sannsynlegvis gjesteherberget, og ein mindre, kvadratisk steinbygning i søraust, tidlegare tolka som smie. Dessutan omfattar anlegget ruinane av eit naust med båtopp- trekk nede ved sjøen. Frå sjøen og opp til klosteret går det ein hellelagt veg som deler seg i to greiner, der den eine går opp mot klosterkyrkjegarden nord for kyrkja. Den andre går opp mot ein steinmur med ein port mellom klosterfirkanten og gjesteherberget, og må ha vore hovudvegen opp til klosteret og helgenanlegget lenger oppe. På klosterkyrkjegarden går det ein steinlagt prosesjonsgang langs innsida av kyrkjegardsmuren og kyrkjas nordmur. Området nord for klosteranlegget har vore innmark inngjer-




Fig. 4. Klosterfirkanten sett frå aust. Til høgre ligg klosterkyrkja (Albanuskyrkja) med det store, bevarte vesttårnet. Utanom klosterfirkanten må vi tenkja oss fleire bygningar, m.a. eit gjesteherre, som det framleis er bevart ruinar av. Foto: A. T. Hommedal.

da med steingjerder som har gått frå sjøen og opp mot fjellet, og frå sjøen og opp til klosterkyrkjegarden. Med unnatak av den eldste, vestre delen av klosterkyrkja må heile dette anlegget, vurdert ut frå murkarakteren (vestnorsk »gotisk« mur), vera oppført i andre halvta av 1200-talet eller først på 1300-talet. Ut frå skriftleg materiale veit vi derimot at klo-

steretableringa her ute i alle fall går attende til tidleg 1100-tal, og såleis er ein del eldre enn desse bevarte bygningsrestane.

3. Problemstillingane for forskingsprosjektet

Forskningsprosjektet »Historiske og bygningsarkeologiske problem. Selje kloster« tek sikte på å kasta lys



Fig. 5. Den store terrassen med ruinarne av Sunnivakyrkja, sett frå nord-vest. Terrassen ligg i dag restaurert i tre avsatsar. Cato Enger, som stod for gjenoppbygginga i 1930-åra, tenkte seg at heile terrassen i mellomalderen låg som ei stor flate i høgal med det øvste nivået nærast kyrkja. Meir sannsynleg er det vel kanskje at terrassen også då har lege i fleire nivå. Terrassane må ha vore nytta under liturgiske prosesjonar og som samlingsstad for pilegrimane på dei store festdagane, særleg Seljumannamesse 8. juli. Lengst inne på terrassen har den vesle Sunnivakyrkja lege som eit eige «relikvieskrin», og som oppbevaringsstad for dei eigenlege helgenskrina. Foto: A. T. Hommedal.

over Selja-anlegget si tidlege historie. For oss er det altså aktiviteten på 1000-talet og tidleg på 1100-talet som er den sentrale. Prosjektet er lagt opp som ein serie bygningsarkeologiske punktundersøkingar, dels av eksisterande murverk, dels ved avgrensa arkeologiske utgravingar på strategisk viktige stader. Ei komparativ undersøking for å få kasta lys over det arkitektoniske særpreget til dei eldste bygningsrestane inngår også som eit ledd i prosjektet. Arbeidet blir utført av kunsthistorikaren Marit Nybø og underteikna som arkeolog, med professor Hans-Emil Lidén ved Universitetet i Bergen som prosjektleiar. Botaniske (pollenanalyttiske) undersøkingar blir utførte av forskingsassistent Kari Loe Hjelle og professor Peter

Emil Kaland ved Universitetet i Bergen. Som rådgjevarar er også professorane Øivind Lunde og Erik Gunnes, begge ved Universitetet i Oslo, knytte til prosjektet.

I samband med den tidlege aktiviteten på Selja er det særleg tre problem som utkrystalliserer seg:

4. Utgangspunktet: Helgenstaden

For det første gjeld det problem knytt til helgen- og valfartsstaden, d.v.s. til spørsmål rundt legenda om Sunniva og Seljumennene. Kort fortalt går legenda ut på at kongsdottera Sunniva og følgjet hennar midt på 900-talet forlot Irland i tre båtar, etter at ein heiden tyrann hadde trua med å invadere riket dei-ra. Utan årer og segl dreiv dei i land på norskekysten. Det eine skipet stranda på Kinn i Sunnfjord, der det i dag står ei mellomalderkyrkje under ei tilsvarende hole oppi fjellsida som på Selja. Dei to andre skipa hamna på Selja, der Sunniva og folket hennar levde fredeleg til dei heidne nordmennene, leia av Håkon jarl, kom mot dei. Irlendingane gjekk då inn i den seinare Sunnivahelleren, og bad Gud om å verna dei ved å la fjellet rasa ned over dei, noko som også skjedde. Snart byrja det å skje merkelege ting her ute, noko som førte til at kong Olav Tryggvason i 996 lot staden undersøka, og dei søtleg luktande beinrestane av Seljumennene kom for dagen. Men lekamen til Sunniva låg like heil og utan skade. Etter legenda skrinla kongen desse relikviane, og fekk oppført ei kyrkje på staden.

Denne utforminga av *Legenda om dei heilage på Selja* er sannsynlegvis skriven i åra rundt 1170, i samband med overføringa av Sunnivarelikviane frå Selja til Bergen, ein translasjon som også markerte den of-

fisielle flyttinga av bispesetet (A. O. Johnsen 1968). Den eldste samtidsopplýsinga om dei heilage på Selja finn ein derimot i Adam av Bremen sin omtale av dei nordiske landa, truleg skriven hundre år tidlegare, i 1070-åra. Det merkelege er at her blir berre dei upersonifiserte Seljumennene nemnde, og ikkje Sunniva. Det same gjeld kristenrettsbolkane i dei gamle norske landskapslovene, nedteikna på slutten av 1000-talet eller tidleg på 1100-talet, der berre Seljumannamessa blir omtala, aldri Sunnivamessa. Første gongen vi finn Sunniva nemnd i lovene er i Bergen-varianten av Magnus Lagabøtars bylov frå 1276. Mellom anna med utgangspunkt i desse kjennsgeringane har fleire historikarar, no sist statsstipendiat Arne Odd Johnsen (1968), sett fram teorien om at Sunniva er ei sekundær tilføyning til ei eldre legende, som berre omfatta Seljumennene. Sunniva kan ha vakse fram av Seljumannakulten mellom 1100 og 1140. Både i Nidaros (Trondheim) og i Oslo hadde bispeseta på den tid fått sine namngjevne helgenar på grunnlag av historiske personar, henholdsvis St. Olav og St. Hallvard. Det kan difor ha vore ønskjeleg også for det vestnorske bispesetet å få ein personifisert helgen med ei legende som kunne appellere til kjensler og fantasi på ein heilt annan måte enn det dei meir anonyme Seljumennene kunne. Innan 1170 har så Sunniva stått fram som hovudfigur i legenda, medan dei eldre Seljumennene er blitt reduserte til å vera følget hennar.

Mykje tyder på at kjernen i legenda om Seljumennene og Sunniva kan førast attende til tida omkring år 1000 eller tidleg på 1000-talet (Johnsen 1968). Vi kan sjølvsagt ikkje sjå bort frå at heile legenda er ein konstruksjon, men dette verkar likevel lite truleg. Sannsynlegvis har legenda ein historisk kjerne, en-

ten bygd på konkrete funn som er gjort eller på ein levande tradisjon om framandfolks tilhald i området. Vi skal i det følgjande sjå på nokre hypotetiske tolkingsmuligheitar.

Det er ikkje utenkjeleg at legenda si understreking av Irland som martyrane sin heimstad kan reflektera ein historisk kjensgjerning: t.d. at Seljumennene var *irske* paper eller einebuarmunkar som hadde teke seg fram til norskekysten, på same måte som det ser ut til at dei på 7-800 talet kom til Island og Færøyane. Kontakten mellom Noreg og Irland er i yngre jarnalder m.a. både omtala i sagamaterialet og dokumentert gjennom irske innslag i det vestnorske gravmaterialet i perioden. Vanlegvis tenkjer vi oss denne kontakten berre som resultat av vikingtidas handels- og erobringstokt mot vest, men ferdene kan vel – kanskje tidlegare – også ha gått den motsette vegen? Både ut frå havstraumane og frå naturmessige forhold ville det ha vore naturleg for irlendingane å slå seg ned akkurat her på Selja, enten som eremittar eller som aktivt misjonærande. Eit fysisk teikn på det »irske« innslaget i den tidlege kristningsprosessen i Vest-Noreg har vi framleis i dei keltiskpåverka steinkrossane, som vart reiste over heile Vestlandet ved slutten av jarnalderen. Fleire slike er også bevarte i Nordfjord, men ingen i tilknytning til Selja. Kanskje kan ein slik tidleg kontakt også vera med på å forklare at vi på byrjinga av 1100-talet finn ein Columbadedikasjon mellom kyrkjene i Bergen.

Ein historisk kjerne i legenda om Sunniva og Seljumennene kan også ha utgangspunkt i konkrete funn frå *ein forhistorisk buplass* oppe ved den seinare Sunnivahelleren. Forhistorisk hellerbusetnad er vanleg på Vestlandet, ikkje minst i folkevandringstid (ca.





Fig. 6. Den sentrale klosterfirkanten i anlegget på Selja, oppmålt av Cato Enger i 1930-åra. Bortsett fra tårnet og vestre del av klosterkirkeja er heile firkanten oppført i høgmellomalderen (etter ca. 1250 men før ca. 1350). Koret (G2) i den eldste Albanuskirkeja, oppført på slutten av 1000-talet eller tidleg på 1100-talet, er markert. Det same er arkadepilarene med stukene i skipet (G1). Det tilbygde tårnet (G4), som framleis står, er sannsynlegvis oppført seinare på 1100-talet. Etter Enger 1949.

400-600 e. Kr.), då hellerane gjerne har vore tilhaldsstad for folk som dreiv med fangst og fiske. Vi kjenner også gravleggingar i slike hellerar, t.d. i Skongenes helleren sør for Selja (Brøgger 1911). Vi kan altså ikkje sjå bort frå at legenda om dei heilage på Selja har sitt utgangspunkt i eit slikt buplassfunn, men dette kan likevel vanskeleg vera den einaste forklaringa. Slike buplassfunn må ha vore kjent over alt på Vestlandet. Det må difor også ha vore andre element som peika Selja ut som ein særmerkt stad.

Vi skal i denne samanhengen merke oss den *sentral-funksjonen* Seljebygda ser ut til å ha hatt ved slutten av forhistorisk tid. Inne på fastlandet, like innafør Selja-øya, låg garden Hove med ein konsentrasjon på minst 20 gravrøyser frå yngre jernalder. Tek vi sagaen bokstavleg kan bygda også ha hatt ein sentral tingstad på slutten av 900-talet, i og med at kong Olav Tryggvason heldt ting og fekk kristna fire fylke her i 996, altså samtidig med oppdaginga av relikviarne på Selja. Denne sentralfunksjonen har utan tvil samband med den strategiske plasseringa Selja-øya og Seljebygda har ved skipsleia, like sør for det åpne og farefulle havpartiet ved Stadt. Frå bygda går det også tre dalsøkk eller eid over fjellet til nordsida av Stadtlandet, passeringpunkt som kunne nyttast for å unngå det vanskelege Stadthavet.

Fig. 7. Ruinane av heilagdomen på Selja, oppmålt av Cato Enger. Nord for den sentrale klosterfirkanten ligg den inngjerda kyrkjegarden (F), med ein prosesjonsgang innvendig langs kyrkjegardsmuren. I sør ligg ein stor, todelt steinbygning (N) som sannsynlegvis har fungert som gjesteherberge. Den vestre bygninga (E) i søraust har vore tolka som smie. Mellom klosterfirkanten og gjesteherberget renn ein bekk, og vest for klosterfirkanten ser vi hellegangane ned mot sjøen. Opppe i fjellsida bak klosteranlegget ligg sjøtve helgenstaden: den store terrassen (D) med Sunnivakyrkja (C) oppå, og med Sunnivahellaren (B) med Sunnivahola (A) lenger bak.



Vi skal også vera merksame på teorien om *ein forhistorisk kultstad* på Selja, sett fram av historikaren Yngvar Nielsen tidleg i dette århundre (Nielsen 1905). Med bakgrunn i ei rekkje geografisk-historiske studie rundt om i Noreg freista Nielsen å klarleggje korleis den eldste kristne kulthen her i landet fortregnde den heidenske, og korleis katolske helgenar overtok tidlegare kultstader for heidenske gudar. Med utgangspunkt i gardsnamnet Hove reknar Nielsen med at Selje-bygda har hatt ein heidensk kultstad inne på fastlandet. Men Nielsen er heller ikkje framand for tanken på at det også i helleren ute på sjølve Selja-øya har vore ein før-kristen heilagdom. Nielsen merkar seg nemleg at helleren i mellomalderen (omtala i 1190-åra) høgst sannsynleg fungerte som eit kapell for erkeengelen Mikael, og altså ikkje for Sunniva eller Seljumennene. Gjennom studiane sine er Nielsen komen fram til at akkurat ein kult rundt Mikael – den sterke og kjempande – i tidleg kristen tid medvite vart plassert ved fleire førkristne heilagdommar, sannsynlegvis for å ta opp kampen med dei heidne kreftene. Diverre er det ingen som seinare har diskutert desse interessante tankane til Nielsen.

Er det i dag mogeleg å kunna påvisa eldre aktivitet oppe ved Sunnivahelleren, der relikviane etter Seljumennene altså skal vera funne? Ved tidlegare undersøkingar i 1860-åra og 1930-åra er alle massar i helleren fjerna ned til det noverande golvnivået av svære steinblokker. Vi må difor kunna gå ut frå at alle kulturlaga – i alle fall frå mellomalderen og eventuelt frå jernalderen – er fjerna her. Berre lengst inne i sjølve hola ligg det framleis urørte sandmassar, men prøveboringar tyder på at desse er sterile avleiringar. Det verkar difor som om gravingar i sjølve helleren er lite aktuelt.

Derimot vil gravingar framfor Sunnivahelleren, d.v.s. innerst på terrassen like nedafor helleren, venteleg gjeve interessante resultat. I følgje Cato Enger (1949) skal han ved undersøkingane i 1930-åra ved nordsida av den noverande Sunnivakyrkeruinen ha påvist eit ca. 10 cm tjukt brannlag som går inn under kyrkeruinen, som er av ei kyrkje sannsynlegvis oppført på 1100-talet. Vårt spørsmål blir dermed om brannlaget kan ha samband med ei eldre trekyrkje på staden, og om denne i så fall kan setjast i samband med legenda si kyrkje oppført av kong Olav Tryggvason. Det vil for oss også vera viktig å få klargjort korleis det opphavlege terrenget såg ut før terrasseringa tok til, og når, korleis og kvifor dette vart gjort. Dersom det har vore forhistorisk busetnad i helleren skulle det også vera mogeleg å påvisa jordmassar frå den tidlege aktiviteten, i alle fall utkasta kulturmassar frå helleren. (1)

5. Bispesetet: Det administrative senteret

Uansett kva som var utgangspunktet for helgenstaden på Selja, må tradisjonen om dei heilage på øya i løpet av 1000-talet ha blitt såpass etablert at han innan 1070-åra som nemnt var nådd Nord-Tyskland og Adam av Bremen. På same tida er helgenstaden alt blitt så viktig for den lokale Kyrkja at kong Olav Kyrre ca. 1070 vel å gjera Selja til sete for den første vestnorske biskopen. Selja ser ut til å ha vore det formelle bispesetet for Gulatingslagen fram til 1170, då Bergen overtok denne rolla samtidig med translasjonen av Sunnivarelikvien.

Tanken bak plasseringa av biskopen til Selja synest klar. Både reint økonomisk og som del av den regionale tilpassinga av den nye religionen må det ha vore viktig å få knytt relikviane på Selja direkte til

bispetet. Dette går jo også fram ved at biskopen tek hovudrelikvien – sjølv Sunnivaskrinet – med seg ved den endelege overføringa av bispetet i 1170. Så viktig har relasjonen mellom biskop og helgenar tydelegvis vore, at ein valde denne plasseringa sjølv om Selja låg heit i utkanten av det store bispedømet, som opphavleg strekte seg frå Sunnmøre nord for Selja og like ned til Agder på Sørlandet.

Likevel kan det vera grunn til å spørje kor reell denne første plasseringa av biskopen eigentleg var. Samtidig med opprettinga av bispetet på Selja sette såleis kong Olav Kyrre i følge sagaen i gang bygginga av den store Kristkyrkja i Bergen. Han fekk her også oppført Vesle Kristkyrkja, som skulle fungere som biskopen si kyrkje under bygginga av den store steinkyrkja. Godtek vi saga-opplysningane, tyder dette altså på at biskopen reelt sett sat i Bergen alt frå slutten av 1000-talet av. Dette passar også med opplysningane om at den første biskopen, Bjarnhard, mot slutten av funksjonstida si reiste til Bergen og døydde der. Alt dette kan altså tyde på at biskopen sin tilknytning til Selja har vore av meir formell enn reell karakter.

Sjølv med berre ei formell tilknytning til Selja, må vi kunna rekna med at biskopen har hatt sitt eige anlegg på øya. Historieskrivaren Odd munk omtalar såleis rundt 1190 ei Kristkyrkje mellom kyrkjene på Selja, ein dedikasjon som i norsk samanheng kan synast å vera knytt til domkyrkjer og andre bispekyrkjer (Lidén 1970: 32). Har vi så i dag mogelegheiter til å kunna spora delar av eit bispeanlegg på Selja? Av dagens ruinar går som alt nemnt berre dei to kyrkjeruinane og den store terrassen attende til 1100-talet. Tidlegare forskarar har då også tenkt seg både

Fig. 8. Frå seinare deler av mellomalderen har vi bevart fleire framstillingar av St. Sunniva, her på eit altarskap frå Trondenes kyrkje i Troms. Sunniva held gjerne på ei fjellblokk til minne om måten ho døydde på. Sunniva- og Seljumannakulten er i seinmellomalderen dokumentert over heile Norden, og også i Nord-Tyskland. Foto: A.-M. Olsen, Historisk Museum, Bergen.



Sunnivakyrkja oppved helleren og Albanuskyrkja nedved klosteranlegget som identisk med Kristkyrkja på Selja. Det har i diskusjonen også vore framme at eit bispeanlegg kan ha lege på austsida av Seljøya, der soknekyrkja for Seljebygda låg i mellomalderen. Ei forståing av eit moglege bispeanlegg synest i dag likevel nær knytt til tolkinga av benediktinaranlegget på Selja, og må difor sjåast i samanheng med klosterruinane.

6. *Benediktinarane og Selja*

Som nemnt innleiingsvis kan mesteparten av det noverande klosteranlegget utifrå murkarakteren først vera oppført på slutten av 1200-talet eller tidleg på 1300-talet. Samtidig veit vi at benediktinarane, som ser ut til å ha kome frå England, seinast kom til Selja på byrjinga av 1100-talet. Spørsmålet blir då kvar klosterbygningane låg før det noverande anlegget vart oppført. I denne samanhengen melder også spørsmålet seg om forholdet mellom bispesetet og klosteret. Kom benediktinarane til Selja først etter at biskopen reelt sett var flytta til Bergen, og har munkane i så fall etablert seg i den eldre bispegarden? Eller kan bispesetet ha eksistert samtidig med klosteranlegget, og kva forhold har det i så fall vore mellom biskopen og klosteret? Det kan i denne samanhengen vera verd å merka seg den engelske varianten med klosterkatedralar, der abbeden i eit benediktinarkloster samtidig har vore biskop i området, slik vi t.d. får det etablert i Durham i andre halvta av 1000-talet. Kan dette også ha vore tilfelle på Selja, og kan i så fall benediktinarane ha kome til Selja samtidig med opprettinga av bispesetet?

Vi har ingen skriftlege kjelder som fortel om opprettinga av benediktinaranlegget på Selja. Den vanlege

dateringa til byrjinga av 1100-talet oppstod i 1850-åra, og byggjer særleg på historikaren Christian C.A. Lange si vurdering i den reviderte utgåva av klosterhistoria hans frå 1856, ei datering som i seg sjølv er diskutabel (Lange 1856). Lange hadde tidlegare daterert benediktinaranlegget til seint 1000-tal, og rekna då med at alt den første Selja-biskopen var benediktinar med støtte i eit regulært »domkapittel« etter europeisk mønster (Lange 1847). Lange si reviderte datering har seinare vore rådande, sjølv om fleire forskarar, t.d. bygningshistorikaren Johan Meyer (1920-21) også har vore inne på at benediktinarane kan ha kome til Selja alt på slutten av 1000-talet.

I samband med diskusjonen av det tidlege bispe- og klosteranlegget står den vestre og eldste delen av den noverande klosterkyrkja sentralt. Det er også verd å minna om at denne kyrkje var vigd den engelske helgenen St. Albanus. Som eit resultat av ombyggingane på 12-1300-talet har kyrkja i dag ei såkalla typisk klosterkyrkjeform; ei rektangulær og rettavslutta form med kor og skip i same breidde (innvendig mål: 9 x 26,7 m). Opphavleg stod det her derimot eit høgst irregulært, treskipa anlegg med eit smalare og rettavslutta kor (skipet 12,9 x 9 m, innvendig mål). Veggene i denne eldre kyrkja er mura av fint tilhøgde, tynne olivinsteinskvadrar i gjennomgåande, horisontale skift. Langveggene har i indre og ytre murlivliséner som har svara til tre søylepar i midtskipet, og med staker mot vest og aust. Ut frå grunnplanen verkar kyrkja såleis å ha hatt ei basilikal form. Takspor i den bevarte vestgavlen, som i dag står som ein del av det tilbygde og intakte vesttårnet, tyder derimot på at taket i midtskipet ikkje kan ha heva seg over sideskipa. Dette, saman med plassinga av arkadepilarane, har m.a. ført til teorien om at pilarane har bore

eit heva midtbygg. Den treskipa utforminga av den etter høva vesle bygningen verkar også unødvendig. Utforminga har i grunnplanen store likheitstrekk med dei tidlegaste norske domkyrkjene, og denne første steinkyrkja er no seinast av Hans Emil Lidén (1981: 13f) sett på som ei mogeleg bispekyrkje på Selja. Dateringa av kyrkja er ikkje klargjort, men har mellom forskarane veksla mellom tidleg 1100-tal (t.d. Enger 1949) og seint 1000-tal (t.d. Meyer 1920-21 og Lidén 1981).

Ein bygningshistorisk gjennomgang av den eldste Albanuskyrkja er altså svært sentral for forståinga av det første bispe- og klosteranlegget på Selja. Vi vil såleis gjennomføre bygningsanalysar med muroppmålingar og stilanalysar av kyrkja. Saman med ei komparativ undersøking av tilsvarende anlegg, først og fremst i England, vil dette arbeidet utvilsamt kasta nytt lys over dei aktuelle spørsmåla. Ei forståing av forholdet mellom kyrkja og det tilbygde, romanske vesttårnet vil også vera viktig. Samtidig vil vi gjennomføra arkeologiske utgravingar for å få verifisert utforminga av den første steinkyrkja, og forsøka å spora ein eventuell forløpar for denne bygningen (2).

Ved utvidinga til den noverande klosterkyrkja på 12-1300-talet er den treskipa inndelinga i den eldre kyrkja fjerna, og søyletromlar og andre bygningsdetaljar er sekundært nytta ved oppføringa av dei noverande klosterbygningane. Bortsett frå kyrkja har vi i dag ingen bevarte restar av det eldre klosteranlegget. Sannsynlegvis var dette oppført i tre, kanskje i tilknytning til den eldste Albanuskyrkja. Ei graving like sør for kyrkja vil kanskje kunna klargjere dette spørsmålet (3). Men dersom benediktinarane overtok eit eldre bispeanlegg, er det vel også mogeleg at

dei første klosterbygningane på Selja har hatt ei utradisjonell plassering i høve til kyrkja og anlegget frå høg mellomalderen.

7. Avslutting

Ruinane av helgen- og klosteranlegget på Selja er mellom dei mest særmerkte og interessante minnesmerka vi har frå mellomalderen i Noreg. Det no pågåande forkingsprosjektet rundt desse ruinane vil venteleg føra til større kunnskap om bakgrunnen for anlegget, og om den første utviklinga av dette tidlege kyrkjesenteret på Vestlandet. Vi i Selja-prosjektet går i alle fall ei interessante og utfordrandes forskingstid i møte.

Notar

1. Ved dei arkeologiske utgravingane framfor Sunnivahelleren har vi no kunna påvise forhistorisk busetnad. Materialet er på tidspunktet for publiseringa av denne artikkelen (1992) ikkje ferdig undersøkt. Det synest likevel klart at helleren i eldre jarnalder har hatt busetnad av tradisjonell, vestnorsk karakter, med sesongmessig tilhald i periodar av fiske og fangst. Keramikkfunn tyder på bruk av staden i yngre romartid (200-400 e. Kr.) og folkevandringstid (400-600 e. Kr.), medan C14-dateringar kan tyde på at helleren også har vore nytta tidlegare i eldre jarnalder. Gjenstandsfunna ligg alle i jordlag sekundært jamna ut over det seinare terrasseoppbygget. Ingen funn kan setjast i samband med ein irsk aktivitet på staden. Vi har også kunna påvise fasar i terrasse-oppbygginga. Den innerste delen av steinterrassen, d.v.s. den delen Sunnivakyrkja kviler på, kan ut frå ei myntdatering (kong Olav Kyrre, 1066-1093) verka å vera oppført på slutten av 1000-talet eller tidleg på 1100-talet. Dette høver også med dateringa analysen av sjølvve Sunnivakyrkjeruinen synest å føra fram mot.
2. Bygningsanalysane vi gjennomfører ser ut til å endre den noverande oppfattinga av bygningshistorien for den eldste Albanuskyrkja. Ikkje minst høvet mellom kyrkjebygningen og tårntilbygget i vest ser ut til å bli interessant. Bearbeidinga av materialet er enno ikkje avslutta, men ser ut til å føra fram mot ei tidleg datering av den eldste Albanuskyrkja.

Ved utgravinga vi har gjennomført i den eldste Albanuskirkja har vi på grunn av seinare omrotingar berre kunne påvise svake fundamentspor etter den treskipa inndelinga av kyrkja. Vi har kunna påvise aktivitet på staden før oppføringa av den eldste steinkyrkja, og har også fått eit betre innblikk i bruken av klosterkyrkja i høg – og seinmellomalderen. Frå den sistnemnde perioden har vi m.a. innafor vårt avgrensa gravefelt kunna påvise 9 urørte graver, mellom dei graver for to tenåringar på 13-14 år, eit barn på 5-6 år og tre spebarn (analyisert av fysisk antropologen Berit Sellevold, som også har tatt del feltarbeidet). Alt funnmaterialet er framleis under bearbeiding.

3. Ei mindre utgraving sør for koret i den eldste Albanuskirkja, altså inne i den noverande klostergarden, gav ikkje svar på plasseringa av dei eldre klosterbygningane. Grunnfjellet stakk så høgt her at ein ved oppføringa av det noverande klosteranlegget har fjerna alle eventuelle fundamentrestar av ein eldre austfløy, dersom denne på tradisjonelt vis gjekk ut frå koret i klosterkurkja. Derimot gjorde vi funn som kastar lys over det noverande klosteranlegget, og kan m.a. gjennom keramikkkfunn stadfeste ei datering av klostergangen til etter midten av 1200-talet.

Litteratur

- Brøgger, A.W.: Vestnorske hulefund fra ældre jernalder. I: Bergens Museums Aarbog 1910. Bergen 1911.
- Djupedal, Reidar: Selja i tusen år. Eit minneskrift om kloster og kyrkjer. Selje 1966.
- Enger, Cato: Helligdommen på Selja. I: Fortidsminner XXXI. Oslo 1949.
- Johnsen, Arne Odd: Når slo Sunniva-kulten igjennom? I: Bjørgvin bispestol. Frå Selja til Bjørgvin. Bergen 1968.
- Lange, Chr. C.A.: De norske Klostres Historie i Middelalderen. Christiania 1847.
- Lange, Chr. C. A.: De norske Klostres Historie i Middelalderen. Anden omarbeidede Udgave. Christiania 1856.
- Lidén, Hans-Emil: Domkirken i Bergen og utviklingen av de norske domkirketyperne i 1000-1100 årene. I: Bjørgvin bispestol. Byen og bispedømmet. Bergen 1970.
- Lidén, Hans-Emil: Middelalderens steinarkitektur i Norge. I: Norges kunsthistorie 2. Oslo 1981.
- Nielsen, Yngvar: De gamle helligdomme paa Selja. I: Historiske Afhandlinger tilegnet Professor Dr. J. E. Sars paa hans syttiende fødselsdag den ellefte oktober 1905 af Venner og Disciple. Kristiania 1905.